



Oppstillingsplassen ved Skulebruo vart fylt opp med tilhengarar i dag.

Sigurd Myklebust er ingen vanleg pensjonist. Sjølv om han har passert dei 75 og vel så det, er det travle dagar på den spreke karen. I tillegg til at han driv Viking Redningsteneste med god hjelp av eit par andre, er det full fart i både bilutleige og salget av Tysse-hengarar som han driv gjennom firmaet Kvinnherad Auto.

I dag kom ein svær trailer fullasta med tilhengarar i forskjellige variantar frå Tyssebotn på Osterøy. Sigurd sel Tysse-hengarar tilpassa ulike bruk. Det kom vanlege hengarar i ulike storleikar med og utan tipp og båthengarar deriblant ein spesialtilpassa til katamaran. Skaphengarar og maskinhengarar sel han også. Det er System Trafikk som står for transporten av hengarane frå produsenten og ut til salgsstadene over heile landet. Det har dei gjort heilt sidan starten på 2000-talet.

- Salget går unna som hakka møkk, i 2016 selde eg 60, mange store flotte hengarar opp til ein pris på 80.000 kr. Av desse som kom no, har eg alt selt 4 på strak arm, seier Sigurd Myklebust då han endeleg har fått plassert dei 14 hengarane som kom med denne traileren på oppstillingsplassen.
- Eg skulle hatt 4 tilhengarar til, men dei var det ikkje plass til så dei skal eg henta sjølv.

Ein grunn til at salget går unna, er nok god service. Ein annan er at Tysse-namnet borgar for kvalitet. Kven hugsar ikkje Tysse-saga? Det vart starten til produsenten på Osterøy. No produserer dei ikkje saga lenger. Låge produksjonskosnader i Østen gjer av dei har overtatt den marknaden, men tilhengarar klarer dei mest ikkje å laga nok av.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland